



Retningslinjer for tildeling av kulturmiddlar

Kultur utvidar vår forståing av oss sjølv og samfunnet vi lever i.

Føremål:

- Tilskotsordning skal sikre bredde og mangfald i tråd med kommunens langsiktige planar for kulturlivet, jmf. «Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune»
- Tilskotet skal ha som mål å dekke delar av utgifta til laget/organisasjonen.
- Lag/organisasjonar som får kommunal stønad, skal bidra til bredde og mangfald i tilbodet for innbyggaren gjennom sine tilbod og aktivitetar.
- Styrke felles kultur og komme flest mulig menneskjer til gode.
- Støtte opp under eit kulturliv som skal være mangfaldig, sterkt og uavhengig.
- Frivillig sektor fyller viktige rollar både for samfunnet og for enkeltpersonar.

Vilkår:

- Aktiviteten må vere organisert med eit styre, som skal drivast i samsvar med regelverk for lag og organisasjonar.
- Aktiviteten eller laget må vere opne for alle.
- Organisasjonen må veke aktiv i søkerperioden å ha kontinuerlig drift.
- Dersom laget eller organisasjonen vert oppløyst, skal foreningens formue overføres til ei anna organisasjon i kommunen, eller tilbake til kommunen.
- Tildeling av støtte krev eigeninnsats i form av medlemskontingent og dugnadsinnsats som samsvarer med det omfanget og type aktivitet laget driv.
- Laget/organisasjonen må integrere alle typar utgifter i søkeraden. Det kan vere utgifter til drift, investering, bygg, arrangement, faste aktivitetar, «øyremerka» middlar i eige budsjett o.l.

Generelt:

I høve til vurdering av storleik på tilskotet blir det lagt vekt på:

1. Medlemstal
2. Aktivitetsnivå/tilbod i målgruppa
3. Organisasjonar som driv med barne- og ungdomsarbeid i Bykle kommune skal prioriterast.
4. Kostnadsnivå

Fordeling av stønad til lag- og organisasjonar skal hansamast av formannskapet.
Kommunestyret er klageinstans.

Søknadsprosess:

- Søknaden skal sendast inn på eige skjema som ligg på kommunens heimeside.
- Alle punkt i søknaden må fyllast ut.
- Søknadar som manglar opplysningar om aktivitet, rekneskap, budsjett for året som har vært, budsjett for det året det vert søkt tilskot til, vil ikkje bli handsama.
- **Søknadsfrist er 1. april.**

Tiltak som ikkje får tilskot:

- Lag som primært tek vare på yrkes- og økonomiske interesser til medlemmene.
- Politiske parti og politiske aksjonar
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle
- Reint kommersielle tiltak
- Marknader, festivalar og liknande må sjåast på som eit kommersielt tiltak, og må ut frå dette søkje om næringsmidlar